

Initiativ frå FAU ved Lærdalsøyri skule om haldningsskapande arbeid kring rusfri ungdomstid

Foreldrearbeidsutvalet Lærdalsøyri skule <faulaerdal@gmail.com>

25. mars 2011 16:44

Til: Post Lærdal kommune <post@laerdal.kommune.no>, "Lærdal kommune (post)" <Post.Lerdal@laerdal.kommune.no>

Kopi: Arne Sanden <arne.sanden@laerdal.kommune.no>, Synnøve Askeland <synnove.askeland@hotmail.no>, Inger Kari Selås <inka.selaas@gmail.com>, Eva Hage Solstad <eva.hage.solstad@laerdal.kommune.no>, helge.odegaard@politiet.no, Alf Magne Hjellum <alf-hj@online.no>, Anne Marie Mo <anne.marie.mo@laerdal.kommune.no>, Dagrun Valaker <dagrun.valaker@hotmail.com>, FAU konto <faulaerdal@gmail.com>, Gunn Kirsti Offerdal <kir-offe@online.no>, Hadle Blikra <hadle.blikra@ardal.kommune.no>, Hanne Ødegård <hanneodegaard@yahoo.no>, Harald Stadheim <hst@ardal.kommune.no>, Henri Henell <henrihenell@hotmail.com>, Inger Gjerde <gjerde.inger@gmail.com>, Laila Tveit <latveit@gmail.com>, Lisa Lagmannsås <lisa.lagmannsas@lardalsnett.no>, Magne Eri <magn-e2@online.no>, Marius Musat <mmusat@frisurf.no>, Oddny Kristin Stølsvik <oksmk@hotmail.com>, Per Thomas Hunderi <m-hunderi@hotmail.com>, Robert Einemo <robert@einemo.no>, Silje Mo <silje_mo@hotmail.com>, Sissel Klunderud <sissel.merete.klunderud@laerdal.kommune.no>, Terje Bolstad <te-bol@online.no>, Tone Eriksen <eriksentone@hotmail.com>, Wenche Voll <wenche.voll@laerdal.kommune.no>, Øyvind Hamre <oyvind.hamre@lardalsnett.no>

FAU ved Lærdalsøyri skule
(epost faulaerdal@gmail.com)

Heimeside: <http://www.faulaerdal.wordpress.com/>

Lærdal kommune (post@laerdal.kommune.no)

(NB Vert berre sendt som e-post)

Initiativ frå FAU ved Lærdalsøyri skule om haldningsskapande arbeid kring rusfri ungdomstid

Foreldrearbeidsutvalet ved Lærdalsøyri skule har i [møte den 24. mars 2011](#) - i sak 3 - handsama eiga sak som omhandlar å få etablert rusfri møteplass for ungdom i alderen 14 til 18 år kveld/natt til 1.- og 17. mai. Dette for å gje ungdomsgruppa eit alternativ til dei etablerte og uformelle samlingspunkt der ein erfaringsmessig veit at ungdom har ein tidleg alkoholdebut.

Me som foreldre ynskjer å setja fokus på eit haldningsskapande og førebyggjande arbeid som omhandlar ynskje om ei rusfri ungdomstid. FAU ynskjer i så måte å bidra til eit bevisstgjeringe arbeid der både ungdomane sjølve, me som foreldre og naturlege samarbeidspartnarar deltar.

FAU ynskjer at Lærdal kommune - ved aktuelle tenester - kan bidra til å ta eit initiativ til å få istand eit snarleg møtepunkt med aktuelle samarbeidsinstansar kring denne saka. Me foreldre ser på dette som godt haldningsskapande og rusforebyggjande arbeid og tenkjer i så måte at det er naturleg at kommunen - gjerne i samråd med FAU - kan koordinere og leie eit slikt arbeid.

Vedtaket i FAU lyder;

Samrøystes vedtak i sak 3 – Vaksendeltaking / -vakter natt til 1.- og 17. mai:

Som eit haldningsskapande initiativ til rusfri ungdomstid, ynskjer FAU å utfordra Lærdal kommune og aktuelle samarbeidspartnarar til – ilag med ungdomsrådet og FAU – å tenkja ut alternative rusfrie samlingspunkt for ungdom i aldersgruppa 14 til 18 år. Dette spesielt natt til 1. mai og natt til 17. mai.

Foreldreutvalet vonar på positiv og rask attendemelding på FAU sitt initiativ til eit haldningsskapande arbeid kring rusfri ungdomstid!

Lærdal, den 25. mars 2011

Med helsing

FAU ved Lærdalsøyri skule
v/Hadle Blikra, leiar

Kopi: - ordførar
- ungdomsrådet v/leiar
- elevrådet v/læraransvarleg
- Lærdalsøyri skule v/rektor
- Lærdal lensmannskontor v/lensmann
- FAU-medlemmene

Følg med på arbeidet til FAU på heimesida vår: www.faulaerdal.wordpress.com

 Ver venleg og tenk på miljøet før du skriv ut denne e-posten